



Ove Reidar Fugelsnes
Alfred offerdalsvei 25 A
5165 LAKSEVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1905 - 16/17679

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

22.06.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 125/1

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.06.16.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i Kommundelplan for Lindåsneset med Mongstad for etablering av terrasse og vinterhage på eigedom gbnr. 125/1.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Innsendt bilete og skisse er ikkje detaljert nok til at kommunen kan ta stilling til plassering av det som de søker om dispensasjon for å føre opp. Vi legg ved eit kartutsnitt som de kan teikne inn tiltaket på. Tiltaket må vere målsett med ytre hovudmål (lengde og bredde) det må vidare teiknast på kor vinterhagen vert plassert i høve bustaden, det må førast på ytre hovudmål (lengde og bredde) på vinterhagen. Vidare må det leverast inn ei skisse som syner utforming av vinterhagen.

Det er vesentleg at det skisserer kva de faktisk ønskjer å føre opp. Slik at de ikkje må gjennom ein ny dispensasjonsrunde når de søker om løyve til etablering av tiltaka.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan som syner plassering av terrasse og vinterhage i høve bustadhus på eigedomen. Det må førast på yrehovudmål på terrasse og vinterhage.
2. Skisse som syner utforming på vinterhage (høgde, bredde, lengde og takvinkel).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 20.07.16**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartustnitt gbnr 125_1

Mottakarar:

Ove Reidar Fugelsnes

Alfred offerdalsvei 25 A 5165

LAKSEVÅG